

NORMALKONTRAKT FOR FAGLITTERATUR
Forlagsavtale for utgiving av e-bok

Mellom _____ (heretter kalla forfattar)

og _____ (forlag)

er det inngått avtale om utgiving i e-bokformat av verket

_____ (tittel)

Dersom det er fleire forfattarar, blir honorarfordelinga mellom dei spesifisert under pkt. X.

- I. Denne forlagsavtalen er ein del av normalkontraktsverket for faglitteratur, framforhandla av Den norske Forleggerforening og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. Avtalen er forankra i ein prøveavtale mellom foreiningane som gjeld fram til 1. januar 2018, og må sjåast i samanheng med den normalkontrakten forfattar og forlag tidlegare har inngått, og *Generelle kontraktsvilkår for publisering av faglitterære verk* (G) av 1. november 2011. Ved utgangen av prøveperioden 1. januar 2018 skal vilkåra i denne avtalen justerast slik at dei samsvarer med dei vilkåra for utgiving av e-bok som foreiningane då har forhandla fram.
- II. Ved signering av denne avtalen overdrag forfattaren/forfattarane til forlaget ein einerett til å gi ut verket som e-bok. Den digitale versjonen som blir tilbydd, skal vere basert på den siste trykte utgåva, men forlaget kan gjere dei tekniske tilpassingane som er nødvendige for å gjere elektronisk sal og distribusjon mogleg. Forlaget har ansvaret for til kvar tid å avgjere om verket skal utstyrast med teknisk kopivern, og kva for type kopivern som eventuelt skal nyttast.

Forfattaren overdrag ikkje rett til forlaget til å selje eller på annan måte overdra lisensar som gir rett til samtidige utlån av ei e-bok under same lisens. Det vil seie at eit bibliotek berre kan låne ut ein e-boktittel til så mange samtidige lånarar som biblioteket til kvar tid har lisensar for.

Ved seinare publisering av verket på måtar som ikkje er omfatta av denne eller tidlegare inngåtte forlagsavtalar, skal partane inngå ny avtale.
- III. Forlaget planlegg å tilby verket som e-bok seinast [dato]: _____. Dersom verket ikkje er i sal som e-bok ved denne dato, fell avtalen bort dersom han ikkje er fornya skriftleg før den nemnde dato.
- IV. Royaltygrunnlaget skal vere nettoprisen forlaget har oppnådd hos forhandlar (utsalpris fråtrekt forhandlarrabatt og meirverdiavgift).
- V. For sal ut over 1000 nedlastingar skal det betalast 30 prosent royalty. For dei første 1000 skal det betalast 28 prosent royalty. Dersom e-boka først blir utgitt etter at fastprisperioden for papirboka er utgått, blir det ikkje betalt royalty for sal av dei første 30 selde e-bøkene.
- VI. Dersom teksten er glattsats (utan illustrasjonar, notar, figurar, register eller liknande), skal royalty ikkje avkortast. Royalty kan avkortast når tilpassingskostnader og/eller kostnader til rettar aukar dei totale kostnadene ved å utvikle og gi ut e-boka. Avkortinga skal vere minimum 4 og maksimum 12 prosentpoeng. Royalty for denne utgivinga blir avkorta med [prosentpoeng]: _____
- VII. Forfattaren har ikkje krav på forskot eller minstehonorar for e-bokutgiving.
- VIII. Forfattaren har krav på ei – 1 – gratis nedlasting av verket som e-bok.
- IX. Når det gjeld salsoppgåve, sjå føresegnene i G-13. Opptent royalty skal utbetalast seinast 31. mai etter salsåret, dersom ikkje anna følgjer av føresegnene under G-14.3.
- X. Særskilde føresegner:
- XI. Forfattaren samtykkjer i at forlaget kan skrive ut nødvendig salsdokumentasjon på vegner av forfattaren.

Denne forlagsavtalen er skriven ut i eitt eksemplar til forlaget og eitt eksemplar til (kvar) forfattar.

Stad og dato

Forfattar/forfattarar

Forlag